



Aslaug Raugstad
Bakken 8
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/685 - 19/25612

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.08.2019

Pålegg klypp av hekk og buskvekstar langs kommunal veg - Gbnr 108/194

Teknisk drift viser til vårt brev av 21.06.2019 der vi anmoder Dykk, som grunneigar og eigar av hekk, om å utføre klypp av denne og anna vegetasjon som veks langs kommunal veg. Vegetasjon veks i siktzone til eigen avkjørsle og ut over kommunalt vegareal. Vi gjer merksam på at det i siktsoner er sett krav til høgde på vegetasjon. Vegetasjon skal, i siktsoner, ikkje være høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Vegetasjon skal ikkje vekse ut over kommunalt vegareal og må klyppast i eigedomsgrensa.

Teknisk drift gjer merksam på at det er den einskilde grunneigar som har ansvar for at hekker og anna vegetasjon ikkje veks i siktsoner og utover eigedomsgrense. Vegetasjon som tek sikt og veks ut over kommunalt vegareal utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs vegen.

Vedtak om pålegg:

Teknisk drift gjev med dette eit pålegg om å klyppe hekk og andre buskvekstar som veks i siktzone til avkjørsle og utover eigedomsgrense mot kommunal veg. I siktsoner er det i gjeldande regelverk og i gitte løyve til å etablere avkjørsle frå offentleg veg satt krav til høgde på vegetasjon og andre sikthindringar. Grunneigar er ansvarleg for å halde siktsona vedlike og sørge for at krav til sikt er stetta.

Teknisk drift sett no ei frist for utføring av klypp av vegetasjon.
Frist for utføring av klypp er sett til: **Onsdag 11 september 2019.**

Dersom arbeid ikkje er utført innan gitte frist, vil kommunen få utført arbeid for Dykkar rekning. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr. Sluttresultat vert svært grovt. Resultatet vert betre dersom De som eigar utfører arbeidet sjølv. Dersom kommunen må utføre arbeid, vil kvist og anna avfall verte lagt inn på eigedommen.

Det er med heimel i Veglova med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til vegetasjon i siktsoner til offentlege vegkryss og innanfor regulert byggegrense mot veg. Byggegrense har som føremål å ta vare på dei krav ein måtte ha til vegsystemet. Vegetasjon som tek sikt i vegkryss, avkjørsler og i svinger utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs offentleg veg. I tilfeller der vegetasjon utgjer ei fare, kan kommunen utføre arbeid utan ny varsling.



Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vegdrift Lindås kommune

Mottakarar:

Aslaug Raugstad

Bakken 8

5955

LINDÅS